



Arkoconsult AS  
pb. 103 , HTB Bygget

5291 VALESTRANDSFOSSEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 15/300 - 16/7991

Saksbehandlar:  
Knut Bjørnevoll  
KBJ@lindas.kommune.no

Dato:  
18.03.2016

## Melding om vedtak i Plan- og miljøutvalet - gbnr 108/515 Lindås

Resultatet etter handsaming i plan- og miljøutvalet er:

- Dispensasjon er gjeven berre for den delen av flytebrygga som er utafor regulert område.
- Dispensasjonssøknad for ny bølggebrytar er avslegen

Sakspapir med vedtak følgjer på neste side.

*Vedtaket er eit enkeltvedtak som kan påklagast, jf. Forvaltningsloven (fvl) § 28. Klagefristen er 3 veker rekna frå den dagen vedtaket vart mottatt, jf. fvl § 29 1. ledd. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til det forvaltningsorgan som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert påkloga (vedtak) og kva endringar ein ynskjer, jf. fvl § 32. Klagen skal grunnleggast.*

Med helsing  
Siril Sylta  
avdelingsleiar

Knut Bjørnevoll  
saksbehandlar

*Dokumentet er signert elektronisk.*

Andre mottakarar:

Arkoconsult AS, Consensus Holding AS, Fylkesmannen i Hordaland

# SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
029/16	Plan- og miljøutvalet	PS	16.03.2016

Saksbehandlar	ArkivsakID
Knut Bjørnevoll	15/300

## Avslag på søknad om dispensasjon for etablering av bølgebrytar - gbnr 108/515 Lindås

### Vedlegg:

Oversending av dispensasjonssøknad til uttale - gbnr 108/515 Lindås Andre vedlegg Dispensasjonssøknad Grunngjeving Nabovarsling- kommentarar til nabomerknader Situasjonsplan Uttale-vedtak frå BOH Lindås – Gnr. 108 bnr. 515 – Uttale – Dispensasjon til ny bølgebrytar Uttale vedk søknad om flytebryggje og kopi av førehandsuttale - gbnr 108/515 Lindås 108-33 Loyve flytebrygge 2002 108-33 sitplan flytebrygge 2002 Vedk reguleringsendring - Lindås nedregbnr 108-540 m fl - Lindås

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Kommunen avslår søknad om dispensasjon frå plan- og bygningslova §11-6 (kommuneplan) og pbl § 1-8 (forbod mot bygging i strandsona), for etablering av bølgebrytar på eksisterande flytebrygge.

Som grunngjeving for vedtaket vert det vist til saksutgreiinga og vurderinga.

Sidan dispensasjonssøknaden er avslegen, er det ikkje grunnlag for å handsama søknad om rammeløyve, og denne vert arkivert utan vidare handsaming.

### Plan- og miljøutvalet - 029/16

#### PM - behandling:

Framlegg frå H.Brunborg-Ap:

Tillegg til rådmannen sitt framlegg til vedtak

Plan- og miljøutvalet gjev midlertidig dispensasjon til i fire år til den delen av flytebrygga som ligg utanfor reguleringsplanen sin føremålgrense.

Fordelane med å gje midlertidig dispensasjon er klart større enn ulempene. Utvalet ser at flytebryggja er viktig for å sikre næringsvirksomheten i området naudsynt kaiplass. Midlertidig

legalisering av tiltaket set ikkje formålet i kommunedelplanen vesentleg til side.  
Dispensasjonen vil betra HMT i området ved at fleire båtar i området får betre fortøyning og  
færre båtar må fortøyast utanpå kvarandre med dei risikoane det kan medføra.

Framleggget vart samrøystes vedteke.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

#### **PM - vedtak:**

Kommunen avslår søknad om dispensasjon frå plan- og bygningslova §11-6 (kommuneplan) og pbl § 1-8 (forbod mot bygging i strandsona), for etablering av bølgebrytar på eksisterande flytebrygge.

Som grunngjeving for vedtaket vert det vist til saksutgreiinga og vurderinga.

Sidan dispensasjonssøknaden er avslegen, er det ikkje grunnlag for å handsama søknad om rammeløyve, og denne vert arkivert utan vidare handsaming.

Plan- og miljøutvalet gjev midlertidig dispensasjon til i fire år til den delen av flytebrygga som ligg utanfor reguleringsplanen sin føremålgrense.

Fordelane med å gje midlertidig dispensasjon er klart større enn ulempene. Utvalet ser at flytebryggja er viktig for å sikre næringsvirksomheten i området naudsynt kaiplass. Midlertidig legalisering av tiltaket set ikkje formålet i kommunedelplanen vesentleg til side.

Dispensasjonen vil betra HMT i området ved at fleire båtar i området får betre fortøyning og færre båtar må fortøyast utanpå kvarandre med dei risikoane det kan medføra.

---

#### **Saksopplysningar:**

#### **Politisk handsaming**

Saka skal avgjerast i plan- og miljøutvalet.

#### **Bakgrunn**



#### **Saka gjeld**


søknad om rammeløyve med dispensasjon frå arealbruken i kommunedelplanen, som for sjøområdet er *bruk og vern av sjø og vassdrag* og frå byggeforbodet i strandsona.

## Tiltaket

Det er søkt om dispensasjon for ny bølgebrytar i forlenginga av eksisterande flytebrygge, som vart godkjent i 2002. Dispensasjonssøknaden omfattar også den ytste delen av eksisterande brygge som ligg utanfor reguleringsplanen *Lindås nedre*.

## Saksutgreiing:





### Plangrunnlag

Overordna plan er *kommunedelplan for Lindåsosane, Lurefjorden og Lygra*. Eigedommen gnr 108/515 og det meste av flytebrygga ligg i regulert område *Lindås nedre gnr 108*.

Planføresegner, kommunedelplan:

<http://www.geoweb.no/bpvedlegg/1263/Dokument/1448627528914.pdf>

Plankart, kommunedelplan:

<http://www.geoweb.no/bpvedlegg/1263/Dokument/1448627660258.pdf>

### Nabovarsling

er utført, og det har komme fire likelydande merknader frå styret og frå fleire av eigarane i sameiget gnr 108/33, som eig flytebrygga framfor gnr 108/33.

Merknadane gjeld i hovudsak frykt for ulemper for den regulerte flytebrygga som enno ikkje er etablert, og dessutan tvil om kva tiltakshavar sine motiv for søknaden er.

Ansvarleg søker har kommentert merknadene i vedlagte brev datert 18.12.2015

Her er lenke til saka i Lindås Kommune sitt e-innsyn:

[http://innsyn.sing.no/Lindas/innsyn/wfinnsyn.ashx?response=arkivsak\\_detaljer&arkivsakid=2015000300&](http://innsyn.sing.no/Lindas/innsyn/wfinnsyn.ashx?response=arkivsak_detaljer&arkivsakid=2015000300&)

### Søknaden:

Søknad om dispensasjon er motteken i eit langt brev datert 11.01.2016.

Når flytebrygga går lenger ut enn grensa for planen det er dispensert frå tidlegare, meiner søker at kommunen burde ha fanga opp og reparert vedtaket for lenge sidan. Denne delen av flytebrygga er likevel omfatta av dispensasjonssøknaden no. Utdrag av søknaden:

Vi søker med dette om dispensasjon frå fylgjande:

- Formålet om fleirbruksområde for natur, friluftsliv, ferdsle og fiske, jf. Kommunedelplanen sine føresegner § 5.1, for den delen av eksisterande flytebrygge som er utanfor reguleringsplan for *Del av Lindås nedre* (12,3 m) samt omsøkt bølgedempar 2 x 24 m.
- Pbl. § 1-8, 2. ledd om forbod mot å sette i verk tiltak nærmere strandlinje enn 100 meter, for den delen av eksisterande flytebrygge som er utanfor reguleringsplan for *Del av Lindås nedre* (12,3 m) samt omsøkt bølgedempar 2 x 24 m.

### Grunnar for å gje dispensasjon

#### Formålet - Yste del av brygga med bølgedempar:

Brygga ligg ca. 12,3 m. ut over grense for gjeldande reguleringsplan. Brygga er totalt 36 m lang og 2,7 m. brei, med landgang som stikk ca. 4,3 meter ut frå land. Totalt stikk brygge med landgang og planlagt bølgebrytar, ca. 40,3 meter ut frå land. Sjølve brygga er i sin heilskap lik den som vart lagd ut for 14 år sidan og godkjend i 2002. Viser til drøfting ovanfor.

Bølgebrytarar skal leggast ut på kvar side av enden på eksisterande flytebrygge. Ein får såleis ei brygge med T-formasjon. Bølgebrytarane er 2 meter breie og 24 meter lange og det skal leggast ut 2 stk., 1 på kvar side av eksisterande brygge. Total lengde på bølgebrytar, inkludert enden av brygga, blir såleis 50,7 meter.

I tilfellet her er det tale om ei flytebrygge med bølgedempar, og ikkje eit tiltak som vil medføre permanente inngrep i verken havbotnen eller standsone. Tiltaket er såleis reversibelt. I vedtaket frå 2002 vart det slått fast at brygga medfører «ingen vesentlige negative miljøkonsekvensar» og at «flytebrygga er ein naturleg del av eit fritidssenter i eit maritimt miljø.». Dei same omsyna vil i stor grad gjere seg gjeldane her.

Fordelane ved å gje dispensasjon er her store. Det er tale om ei brygge som kommunen gav løyve til for 13 år sidan. Sjølv om tidligare omsøkt dispensasjon er fatta på feil plangrunnlag, er vedtaket gyldig og eigar har innretta seg etter dette vedtaket. Brygga er ein viktig del av Lindås Brygge, som i stor grad er avhengig av båtturismen.

Det vert elles vist til vedlagte dispensasjonssøknad.

#### **Forhold til andre styresmakter:**

Søknaden er sendt på høyring til regionale plan- og hamnestyresmakter.

**Bergen og omland havnevesen** har gjeve positiv uttale den 04.02.2016:

### **Vurdering av tiltaket**

Vi har tidligere fattet positivt vedtak i saken, men vedtaket ble imidlertid omgjort da viste seg at tiltaket ikke var i samsvar med gjeldende reguleringsplan. Nylig fattet vi også en forhåndssuttale på forespørsel fra ansvarlig søker i forbindelse med dispensasjonssøknad til Lindås kommune. Denne ligger vedlagt. Ut ifra mottatt informasjon er tiltakets mål og plassering likt som tidligere. Det kommer frem at sameiet som eier flytebrygge fremfor gnr-bnr 108-33 har kommet med merknader til tiltaket. Ut i fra forholdende i sjø på nåværende tidspunkt kan vi imidlertid ikke se at tiltaket kommer i konflikt med eksisterende bryggearleggsplan på gnr-bnr 108-33 eller andre hensyn vi skal ivareta etter havne- og farvannsloven.

### **Fylkesmannen i Hordaland rår i frå godkjenning i brev datert 10.02.2016 :**

Vi viser til brev av 19.01.16 med høringsfrist 16.02.16.

Saka gjeld søknad om dispensasjon for ny bølgebrytar i forlenginga av eksisterande flytebrygge. Dispensasjonen omfattar også den ytste delen av eksisterande brygge. Eigedommen gnr. 108 bnr. 515 og det meste av flytebrygga ligg i regulert område *Lindås nedre gnr. 108*. Den ytste delen av flytebrygga og bølgebrytaren ligg som område for bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone i Kommunedelplan for Lindåsosane, Lurefjorden og Lygra. Det er søkt om dispensasjon frå arealdelen av kommuneplanen og frå byggeforbodet i strandsona, plan- og bygningslova (tbl.) § 1-8.

#### **Fylkesmannen si vurdering**

Kommunen kan berre dispensere dersom omsynet bak det formålet området er sett av til i arealdelen av kommuneplanen og plan- og bygningslova sine formål ikkje vert vesentleg tilsidesette. I tillegg må fordelane ved å gi dispensasjon vere klart større enn ulempene, jf. tbl. § 19-2 andre ledd.

Bølgebrytaren skal leggast ut på kvar side av enden på eksisterande flytebrygge. Total lengde på bølgebrytar, inkludert enden på brygga, blir 50,7 meter.

Fylkesmannen vil peike på at sjøen og strandsona i dette området er kartlagt som eit svært viktig friluftsområde. Slike område krev at ein tek særskilde omsyn. Ein bølgebrytar av denne storleiken vil ha innverknad på opplevinga av landskapet i området. Dette området er del av den sentrale strandsona på Lindås og bør ikkje utviklast gjennom dispensasjoner.

Storleiken på tiltaket og verdiane i området reiser spørsmål om kommunen heller burde tilrå ei reguleringssendring i denne saka. På den måten vil ein også kunne avklare eventuelle konfliktar med realisering av småbåthamna som ligg rett ved omsøkt tiltak, og som er del av reguleringsplan for Lindås nedre gnr. 108.

Kommunedelplan for Lindåsosane, Lurefjorden og Lygra er heilt ny og ein dispensasjon i denne saka vil kunne undergrave kommuneplanen som styringsverktøy for utviklinga av kommunen, og kan i tillegg skape presedens for liknande saker i framtida.

Fylkesmannen rår ifrå dispensasjon til bølgebrytar.

Vi viser til at kommunen ikkje bør gje dispensasjon dersom regional eller statleg styresmakt har uttala seg negativt til søknaden, jf.tbl. § 19-2, fjerde ledd. Dersom det likevel vert gjeve dispensasjon, ber vi kommunen sende vedtaket til Fylkesmannen for klagevurdering.

### **Vurdering**

#### **Vurdering av dispensasjon:**

Etter § 19-2 i plan- og bygningslova (tbl), kan kommunen gje varig eller mellombels dispensasjon frå føresegner fastsett i eller i medhald av tbl. Dispensasjon kan ikkje gjevast dersom omsyna bak føresegnene det vert dispensert frå eller omsyna i føremålsføresegnene

i lova vert vesentleg sett til side. Fordelane ved å gje dispensasjon må etter ei samla vurdering vere klart større enn ulempene. Det skal leggjast særleg vekt på verknader for helse, miljø, tryggleik og tilgjenge. Kommunen bør ikkje dispensera når ei direkte berørt statleg eller regional styresmakt har uttalt seg negativt om dispensasjonssøknaden.

Administrasjonen har drøfta søknaden. Omsøkte tiltak er i strid med forbod mot etablering av tiltak i NFFF-område i sjø og det generelle byggeforbodet i strandsona. Kommunedelplanen opnar ikkje for etablering av kaiar og brygger utanom område som er sett av til småbåthamn.

Innafor planområdet er det litt uryddige forhold regulermessig. Bruken av sjøen som trafikkområde og småbåthamn går litt om ein annan - to av flytebryggene er plassert med dispensasjon frå reguleringssplanen i det som skal vera *trafikkområde*. Den tredje brygga, i område for *småbåthamn*, er ikkje plassert heilt i samsvar med løyve og med litt avvik i forhold til det planen viser. Forhold mellom eksisterande og planlagte hamneanlegg ved Lindås Brygge bør avklarast i ein planprosess. Kommunen har strekt seg langt nok med å gje dispensasjonar frå reguleringssplanen, og bør no seia stopp og forlanga at vidare utbygging vert styrt av reguleringssplan.

Det er også forhold innafor planen på land som skulle hatt ei regulermessig oppdatering. Administrasjonen meier at tida er inne for ein gjennomgang og ei oppdatering av reguleringssplanen, som vi også peika på i vårt brev av 08.12.2008 til tidlegare eigar første gongen det vart søkt om bølgebrytar på denne flytebrygga.

#### Fordalar:

- Tiltaket vil redusera faren for skade på båtar og bryggearanlegg
- Tiltaket i seg sjølv vil ikkje hindra ferdsel på sjøen; det har hamnestyresmaktene stadfest i sin uttale

#### Ulemper:

- Fylkesmannen frårår godkjenning av søknaden
- Tiltaket er i strid med kommunedelplanen, som er ganske ny
- Tiltaket er i strid med byggeforbodet i strandsona
- Administrasjonen meiner at tiltaket har vesentlege ulemper, då tiltaket framstår som eit dominerande element i strandsona i område kartlagt som viktig friluftsområde.
- Tiltaket fører til ei ytterlegare nedbygging av sjøområdet
- Tiltaket kan medføra auka privatisering av sjøområdet
- Godkjenning kan skapa uheldig presedens

Administrasjonen meiner at godkjenning av søknaden fører til vesentleg tilsidesetting av omsyna bak utarbeidingsa av kommunedelplanen når det gjeld arealbruken og byggegrensa mot sjø.

Vert det gjeve løyve i denne saka, kan det skapa uheldig presedens for framtidig handsaming av dispensasjonssøknader. Administrasjonen meiner at søknaden har vesentlege ulemper, og at godkjenning av søknaden kan skapa uheldig presedens eller på anna måte svekka kommunedelplanen som styringsreiskap. Administrasjonen konkluderer difor etter ei samla vurdering med at vilkåra for å gje dispensasjon ikkje er stetta, jf. pbl § 19-

2.

**Konklusjon:**

Etter administrasjonen si vurdering er det overvekt av moment som talar mot å gje dispensasjon. Administrasjonen meiner at godkjenning av søknaden fører til vesentlege ulempar sidan tiltaket framstår som eit dominerande og truleg privatiserande element i sjøområdet. Vert det gjeve løyve i denne saka, kan det skapa uheldig presedens for framtidig handsaming av dispensasjonssøknader. Administrasjonen konkluderer difor etter ei samla vurdering med at fordelane ikkje er større enn ulempene, jf. kravet i plan- og bygningslova § 19-2 for å gje dispensasjon.

Både bygesak og plan står bak vurderinga som er gjort.

Administrasjonen meiner at godkjenning av søknaden fører til vesentleg tilsidesetting av omsyna bak utarbeidninga av kommunedelplanen, som nyleg er vedteken. Tiltaket bør vurderast i framlegg til endra/ny reguleringsplan med utviding av planområdet og ny vurdering av arealkategoriane for sjøområdet.

.....